



Saksframlegg

Forskrift om rett til langtidsplass i sjukeheim- kriteriar for tildeling og venteliste, Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

1. Forskrift om rett til langtidsopphald i sjukeheim- kriteria for tildeling og venteliste

Bakgrunn for saka:

Føremålet med forskrifta er å få oversyn over pasientar og brukarar med behov for langtidsopphald, og bidra til forutsigbarheit og openheilt kring kriteria og tildelingsprosess for langtidsopphald i sjukeheim i Fyresdal kommune. Forskrifta gjeld pasientar eller brukarar som har rett til lagtidsopphald i sjukeheim i Fyresdal kommune etter pasient- og brukarrettighetsloven §2-1e.

Forskrifta gjeld Fyresdal kommunes ansvar for å tilby langtidsopphald i sjukeheim etter helse og omsorgstenesteloven §3-2a, kriteria for tildeling av opphald i sjukeheim og oppfølging av pasientar og brukarar på venteliste for langtidsopphald. Langtidsopphald i sjukeheim er eit høgare omsorgsnivå enn helse og omsorgstenester i heimen. Kommunen skal samhandle med pasientar og brukarar, deira pårørande og verje i tildelingsprosessen, jf. Pasient- og brukarrettighetsloven §3-1.

Fyresdal kommune nyttar best effektive omsorgsnivå (BEON) som prinsipp ved tildeling av tenester og tiltak i omsorgstrappa. Omsorgstrappa har tenester på ulike nivå der aukande behov for hjelp vert møtt med aukande og meir omfattande tenestetilbod av ulike tenester. Tenester på lågare nivå skal som hovudregel vere forsøkt før tildeling av langtidsopphald i sjukeheim.

For å bli tildela langtidsopphald må pasient eller brukar vere varig ute av stand til å ta vare på seg sjølve og ikkje lenger meistre dagleglivets krav på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap. Pasient eller brukar må ha eit omfattande behov for helse- og omsorgstenester og ikkje kunne få dekka sine daglege behov på ein forsvarleg måte ved andre tenester i eigen heim. Langtidsopphald i sjukeheim skal tildelast når ei tverrfagleg utredning og ein heilheitsvurdering viser at sjukeheim er heilt naudsynt for å sikre pasienten eller brukaren forsvarlege helse og omsorgstenester. Kommunen skal fatte vedtak om innvilging eller avslag på søknaden om langtidsopphald i sjukeheim.

I vedtak om avslag på langtidsopphald i sjukeheim skal det gå fram om kommunen vurderer at pasienten eller brukaren er beste tent med langtidsopphald, og at vedkommande i påvente av langtidsopphald kan få naudsynte helse- og omsorgstenester på eit forsvarleg nivå i eigen heim. Vedtaket skal opplyse om pasienten eller brukaren vil bli oppført på kommunes venteliste for langtidsopphald i sjukeheim, jf. § 7.

Pasient og brukar har rett til å klage over vedtak om avslag på langtidsopphald i sjukeheim og oppføring på venteliste for langtidsopphald, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 2-7 andre ledd og § 7-2.

Kommunen skal føre venteliste over pasientar som vil vere best tent med langtidsopphald i sjukeheim, men som har vedtak om avslag på langtidsopphald, jf. § 6. Ved kvar tildeling av langtidsopphald i sjukeheim skal kommunen vurdere det individuelle behovet til nye søkjarar og alle som er oppført på kommunens venteliste. Pasientar eller brukarar som er oppført på kommunens venteliste for langtidsopphald, har ikkje fortrinnsrett til langtidsopphald i sjukeheim. Seinare oppførte pasientar og brukarar vil kunne få tildelt langtidsopphald før tidlegare oppførte på ventelista om deira behov vurderast som større.

Pasientar eller brukarar som står på kommunens venteliste for langtidsopphald, skal kontinuerleg vurderast når det gjeld deira behov for langtidsopphald i sjukeheim. Kommunens rutinar skal sørge for at pasientar og brukarar på ventelista har naudsynt og forsvarleg helse og omsorgstenester mens dei ventar på tildeling av langtidsplass i sjukeheim. Kommunen skal systematisk og fortløpande evaluere og vurdere helsetilstanden og funksjonsnivået til pasientar og brukarar på ventelista for å fange opp eventuelle endringar i bistandsbehov.

Forskrifta trer i kraft etter at den har vore ute på høyring og er politisk handsama. Dato for iverksetjing skal meldast til lovdata.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal ha gode helse- og omsorgstilbod

Forskrifta gjeld personar som søker om eller har behov for langtidsopphald i sjukeheim i Fyresdal kommune, jf. Pasient- og brukerrettighetsloven §2-1e, §2-1a annet ledd, og helse- og omsorgstenesteloven §3-2 første ledd bokstav c og §3-2a første ledd.

Det er lovpålagt at alle kommunar skal ha ei forskrift relatert til innbyggjarane sin rett til langtidsopphald i sjukeheim, kriteria for tildeling og venteliste.

Forskrifta skal vere enkel å forstå og regulerer retten til langtidsopphald i sjukeheim, retten til å klage samt rutinar rundt venteliste.

Konklusjon:

Fyresdal kommune har pr. i dag ikkje ei godkjent forskrift som regulerer retten til langtidsopphald i sjukeheim slik loven krev. For å oppfylle lovverket sitt krav og sikre likebehandling av brukarar er det viktig å få dette på plass. Forskrifta skal leggjast ut på Lovdata etter at den er godkjent av kommunestyret. Forskrifta må ut på høyring i forkant av godkjenning. Høyringsfristen for forskrifter er vanlegvis 6 veker. Høyringsinnspel vil så bli vurdert og lagt fram for kommunestyret i samband med endeleg godkjenning. Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg legg forskrifta ut på høyring.

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg (OKO) fatta den 20.02.2025 vedtak om at kommunedirektørens forslag til forskrift om rett til langtidsplass i sjukeheim- kriteria for tildeling og venteliste, Fyresdal kommune blei lagt ut på høyring, i samsvar med forvaltningsloven § 37.

Høyringstida var frå 22.02.2025-06.05.2025.

Det kom ikkje inn nokre høyringsuttalar til forskrifta.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forskrift om rett til langtidsopphald i sjukeheim- kriteria for tildeling og venteliste blir vedteke slik den ligg føre.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Anne Veum
	kommunalsjef HO